



Sponsorturneringa 2011 med fotos

Den 25. august, ein torsdag, vart den årlege turneringa for sponsorane våre arrangert. Sponsorturneringa vart arrangert som Texas Scramble over 12 hol. Texas Scramble er eit spel for lag med to spelarar. Me spelar ProAm som betyr ein amatør og ein profesjonell golfspelar. Da det ikkje er så mange profesjonelle spelarar som bur i Lærdal så bruker vi medlemmar i golfklubben som Pro'ar, denne gong

Kvart lag har minst ein spelarar frå sponsor, og den andre spelaren kan vere ein profesjonell spelar som vert skaffa av Golfklubben eller ein anna spelar, skaffa av sponsor. Kvar sponsor kan ha med fleire lag. Start var kl 1730. Det var avslutning i Eldhuset med varm mat og opplesing resultat med premiering kl 2030.

Resultat

Vinnar vart Lærdal Energi med Fretland Bygg på andre og Lærdal Kommune på tredje. Dette var andre gongen sponsorturneringa vart arrangert som ProAm, og dette er ein vellukka turneringsform.

Texas Scramble

I Texas Scramble slår kvar spelar sin ball, og før neste slag vel laget sitt beste slag og begge spelar sin ball derfra – den eine må droppa.

Sponsorturneringa

Tidlegare år har Sponsorturneringa blitt arrangert langt ute i september, og veret har ikkje alltid vore det beste. For å bøte på det vart turneringa i år flytta fram tre veker, til slutt i august. Torsdag var veret bra, temperaturen var mild og det var god til til å spele ferdig før mørket.

Sponsorturneringa er blitt ein årviss tradisjon, og opplegget fungerer bra, med turnering, og så mat med litt tale om klubben, takk til sponsorane, og opplesing resultat med premieutdeling.

Golfklubben takkar sponsorane for støtta til klubben. Utan sponsorane sitt bidrag hadde vi ikkje kunna drifte golfbanen i Lærdal i slik stand den er no, med så bra utstyr som vi no har. Golfklubben ynskjer sponsorane velkommen neste år.

Arrangementkomiteen

Nettsida til klubben
<http://www.legk.no/>



